



Forskrift om skulereglar og
skuledemokrati for grunnskulen i
Vågå

Vedteke i kommunestyret

12.12.2024

Innhald

Innhald.....	1
1. Heimel.....	2
2. Føremål.....	2
3. Verkeområde.....	2
4. Organisering av skuledemokratiet.....	2
5. Orden.....	2
6. Åtferd.....	3
7. Tiltak ved brot på skulereglane.....	3
8. Saksbehandling.....	4
9. Elevane sine rettar og plikter.....	5
10. Iverksetting.....	5

1. Heimel

Fastsett av kommunestyret i Vågå 12.12.2024 med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 10-7.

2. Føremål

Skulereglane skal gje elevane føreseielege og trygge rammer. I lag med førebyggjande arbeid skal skulereglane brukast for å skape eit godt skulemiljø, som fremjar både helse, trivsel, inkludering og læringsutbytte. Skulereglane skal bidra til å utvikle elevane sine sosiale evner og til å byggje positive relasjonar mellom elevane, og mellom elevane og dei tilsette.

3. Verkeområde

Gjeld for alle elevar i 1.-10.klassesteg i Vågå kommune. Skulereglane gjeld i skuletida og i skulefritidsordninga, når skulen har ansvaret for elevane. Det betyr i alle typar undervisningsrom, fellesrom, digitale plattformer, uteareal og når elevane har undervisning andre stader enn på skulen sitt område, til dømes på leirskule og andre turar og ekskursjonar i skulen sin regi. Reglementet gjeld òg på skulevegen, samt utanfor skuletida ved bruk av skulen sine digitale løysningar.

4. Organisering av skuledemokratiet

Grunnskulen i Vågå skal sørge for foreldre- og elevmedverknad. Kvar skule skal ha eit elevråd jf. § 10-5. Elevrådet skal vere samansett slik at det speglar elevgruppa ved skulen. Kvar skule skal leggje til rette for organ som sikrar foreldremedverknad. Dette skal vere eit arbeidsutval som er valt av foreldra (FAU) jf. § 10-4, og eit samarbeidsutval (SU). Samarbeidsutvalet er eit rådgjevande organ og skal bestå av tilsette, elevar, føresette (FAU), og kommunale representantar (rektor og folkevalt).

5. Orden

Elevane skal ha god orden. Det er god orden å:

- Møte i rett tid på skulen og til undervisninga.
- Ha med det du treng av skulesaker og utstyr til skuledagen.
- Gjera leksene og anna skulearbeid til rett tid.
- Vere på skuleområdet heile skuledagen(dersom anna ikkje er bestemt)
- La lærar samle inn mobilane på starten av skuledagen(8.-10.steg)

- La vere å bruke godteri og brus/energidrikk.
- Ved skulane i Vågå er det ulovleg å nytte rusmidlar.

6. Åtferd

Elevane skal ha god åtferd. Det er god åtferd å:

- Vera høflege og greie med kvarandre
- Halde arbeidsro i timane.
- Bruke og ta vare på området, hus og utstyr til det det er meint til.
- La alle som vil, vera med i leiken/aktiviteten. Fylgje reglane for leiken/aktiviteten.
- Rydde på plass utstyr etter bruk.
- La mobilklokker vere i skulemodus.
- La mobilen liggje avslegen i sekken og ikkje ta opp denne før du er ute av skuleområdet (1.-7.steg)
- Leverer inn mobil ved skulestart (8.-10. steg)
- Melde frå til ein vaksen om ein ser nokon som ikkje har det bra.
- Nytte Stopp-regelen.
- Høyre på og lyde dei vaksne.

Det er ikkje god åtferd å:

- Banne eller bruke anna grovt språk
- Mobbe eller på andre måtar krenke andre fysisk, verbalt eller digitalt
- Vere valdeleg eller koma med truslar
- Setje seg opp mot lærar og ikkje rette seg etter tilsnakk
- Forlate skulen sitt område utan avtale i løpet av skuledagen
- Fuske eller forsøke å fuske på prøver eller innleveringar
- Ha med eller bruke tobakk, snus, alkohol eller andre rusmiddel
- Ha med farlege gjenstandar eller våpen på skulen sitt område
- Nyte godteri, brus og energidrikk i skuletida utan at det er avtala

7. Tiltak ved brot på skulereglane

- **Tilsnakk** - Kan bli gjeve av lærar eller annan tilsett
- **Melde frå til føresette** - Munnleg eller skriftleg
- **Samtaler eller møte** - Med elev og/eller føresette

- **Setje eleven til arbeid som ikkje er gjort** - Dersom det manglar skulearbeid, kan ein elev blitt sett til å gjera oppgåver i pausetid eller fullføre oppgåver heime.
- **Rette opp skade** - Dette kan vera oppgåver for å rette opp skade som er påført skulen sin eigedom eller anna som skulen eig, til dømes rydde eller vaske.
- **Inndraging av gjenstandar** - Gjenstandar som er farlege eller som forstyrrar undervisninga kan bli inndregne inntil resten av dagen. Føresette blir varsla og må hente gjenstanden ved skuleslutt.
- **Erstatning** - Dersom ein øydelegg skulen sitt materiell, må dette erstattast for inntil kr. 5000 etter lov om skadeerstatning (skadeerstatningslova §1-2)
- **Bortvising frå undervisning** - Ein elev kan visast bort frå timen eller resten av skuledagen. På ungdomsskulen kan elevar visast bort for inntil tre dagar. Føresette blir alltid kontakta. Melding til politiet kan bli vurdert i alvorlege tilfelle.
- **Miljøsaker** – Skolemiljøsaker blir handsama etter eigne retningslinjer i kommunen og plan for å sikre elevane i Vågåskulen eit godt psykososialt miljø.

Gjeld ungdomsskulen:

- **Merknad** - Det blir skriva ned kva brotet på ordensreglane gjeld, og tidspunkt.
- **Annullerte prøver** - Ved fusk vil prøver kunne bli annullerte
- **Nedsett karakter i orden eller åtferd** - Føresette får varsel ved fare for nedsett karakter i orden eller åtferd. Brot på reglementet blir vektlagt etter grad av alvor.

8. Saksbehandling

Skulen skal sørge for at avgjerder blir tekne på eit forsvarleg grunnlag. Eleven sitt beste skal vere eit grunnleggande omsyn. Før det blir teke avgjerder om tiltak, blant anna bortvising, skal eleven ha høve til å forklare seg munnleg for den som skal ta avgjerda, jf. opplæringslova §9a 10-11. Denne uttaleretten gjeld i høve til alle type tiltak, og elevane har rett til å uttale seg direkte til den som skal fatte avgjerda. Kor utførleg dette blir handsama, vil variere med alvorlighetsgraden av regelbrotet. Brot på ordensreglementet skal handsamast på lågast mogleg nivå.

Når ein vurderer kva tiltak som skal setjast i verk, skal det alltid leggast vekt på eleven sin alder og føresetnader for å forstå konsekvensane av regelbrotet, og eleven sin vilje til å rette opp følgjene av regelbrotet. Sanksjonar som blir gjevne må stå i forhold til graden av alvor av brotet på skulereglane. Kollektiv straff er ikkje lov. Alle reaksjonar skal grunnleggjast skriftleg og det skal lagrast i elevmappa til eleven.

- **Kven bestemmer sanksjonane?**

Rektor avgjer bruken av sanksjonar. Tilsette på skulen treffer avgjerder innanfor ramma av den mynde som rektor har delegert. Avgjersle om bortvising må takast av rektor sjølv, jf. opplæringslova § 13-1. Rektor kan delegere til lærar om å ta avgjerd om bortvising frå eigen undervisning for inntil 2 klokkeimar, jf. opplæringslova § 13-1.

- **Ved sanksjonar må skulen sikre følgjande:**

Eleven har alltid rett til å uttale seg til den som treffer avgjerda før det blir vedteke å nytte sanksjonar, jf. opplæringslova § 10-7 og Barnekonvensjonen artikkel 12. Hendinga og regelbrotet må være tilstrekkeleg godt undersøkt jf. krav om god forvaltningsskikk. Skulen skal skriftleg dokumentere grunnlag for bruk av sanksjonar, kva regel som vart brote, tidspunkt og kva sanksjon som vart nytta.

- **Enkeltvedtak**

Ved alvorlege regelbrot kor eleven blir vist bort frå undervisninga, skal saksbehandlingsreglane for enkeltvedtak etter Forvaltningslova fylgjast. Ein krev ikkje enkeltvedtak ved bortvising bestemt av lærer.

- **Nærmare om bortvising**

Bortvising kan berre brukast ved alvorlege eller gjentekne regelbrot, jf. opplæringslova § 13-1. Dette gjeld uavhengig av lengda på bortvisinga. Hjelpetiltak eller sanksjonar skal vurderast før bortvising blir nytta, jf. opplæringslova § 13-1 andre ledd. Ved bortvising for resten av skuledagen skal føresette varslast. Bortvising kan ikkje setjast i verk for elevar viss skulen ikkje får varsla føresette.

9. Elevane sine rettar og plikter

I alle saker som blir handsama etter dette reglementet, skal elevane sitt beste vere eit grunnleggjande omsyn. Skulen skal ta vare på elevane sin rett til å bli høyrde.

Alle elevar har rett til å bli behandla med respekt og omtanke. Alle elevar har plikt til å behandle andre med respekt og omtanke.

10. Iverksetting

Denne forskrifta trer i kraft frå 12.12.2024. Samstundes blir kommunal forskrift av 01.08.2022 om ordensreglar for grunnskulen i Vågå oppheva.